



Monteringa av stålkonstruksjonane starta umiddelbart tysdag. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Hans Reidar Kjærland har for liten plass til alle reiskapa og maskinane sine, men no blir situasjonen ein annan. På imponerende kort tid blir eit rommeleg reiskapshus reist på Leite, som han også eig.**

For vel ein måned sidan ga kommunen grønt ljøs for tiltaket og i godkjenninga av byggjemeldinga vart det opplyst at det ikkje låg føre merknader frå naboar og gjenbuarar. Kommunen fann at det 450 kvadratmeter store huset var i samsvar med avstandskrava til nabogrense, annan bygning, høgspenning og veg.

Kommunen skreiv at huset også hadde god utforming i høve til rimelege, estetiske omsyn. Landbrukskontoret hadde for sin del ingen merknad til plasseringa.

Kjærland har kontrakt med eit Larvik-firma om reisinga av huset og firmaet har henta stålkonstruksjonane frå Danmark. Tysdag vart desse levert direkte derifrå og monteringa starta umiddelbart.

- Med atterhald om vertilhøva håpar eg huset kan vera klårt innan utgangen av neste veke, seier Kjærland til uskedalen.no

Av Ola Matti Mathisen